

## Svære bøketre skal skape aktivitet i klatreparken.

08.04.2017



Tre som skal vera til glede, utfordring og utvikling for dei som ønskjer å klatra.

**Mange har sikkert lagt merke til nokre store bøketre som nyleg er felt på eigedommen til Steinar og Cathrine Haugland like ovanfor Veslebru på Tverrelva i skifte mellom Kjærland og Haugland. Desse skal verta aktiviserande og utfordrande klatrestativ i klatreparken som vert ein del av Gull av grus-prosjektet.**



På delen mot Neset skal klatretrea og dei store steinane komma.

Det er ei eiga undergruppe i Gull av grus-prosjektet som står for planlegging og utarbeiding av klatreparken. Denne gruppa er samansett av Atle Thoresen, Steinar Haugland, Bjørn Olav Tveit og Christoffer Fossli. Steinar Haugland fortel at klatreparken kjem på den delen av den gamle grusbane som ikkje er brukt til kunstgrasbane.

Denne delen mot Geilo får tre 'felt'. Ned mot Neset blir det eit klatreområde som dei skal laga sjølv. Der vil dei store bøketrea bli lagt med noko skråhelling. I tillegg vert det store steinar.

I midten kjem hovuddelen som vil bestå av ei hinder- og klatreløype der apparata skal kjøpast inn. Innimellom aktivtetsapparata vert det også bord og benkar der folk kan sitja og prata og slappa av. Mot barnehagen og Hagetunet skal skateparken koma.

Steinar Haugland fortel at dei i utgangspunktet hadde tenkt å starta med hovuddelen, men dei har ikkje fått inn midlar til det enno. Derfor vil dei i påvente av det starta med den delen som dei kan ordna sjølv. Han fortel vidare dei brukar bøk etter råd frå klatreeksperten Christoffer Fosli. Den er god til å klatra i. Den er passe knudrete til å gje grep. Dessutan er det eit hardt og bestandig treslag.

No skal trea bearbeidast og klargjerast før dei vert transportert ned til Gull av grus-området og vert plassert der saman med nokre store steinar. Dette arbeidet skal gjerast no framover.

Haugland seier også at dei håpar at dei snart kan få inn midlar slik at dei kan gå i gang med hovuddelen. Dette er jo eit svært godt prosjekt. Det blir ope for alle til alle tider. Det er både helsebringande og aktiviserande samstundes som det blir ein svært viktig sosial arena. Det vil også gjera bygda endå meir attraktiv for tilreisande. Nærleiken til båthamna og campingplassen er viktig i så måte.

Med tanke på den store breidda i brukargruppe må dette vera eit godt prosjekt å støtta opp om!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland